

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 03.02.2025

Vår ref.: 200707947-31 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om auka slukeevne i Akslandselva kraftverk i Akslandselva i Etne kommune, Vestland fylke

NVE har fått søknad frå Akslandselva kraftverk AS om løyve etter vassressurslova til auka slukeevne i Akslandselva kraftverk. Søknaden blir no send på høyring med høyringsfrist 20.03.2025.

Kva det vert søkt om

NVE har fått søknad frå Akslandselva kraftverk AS, datert 22.03.2021, om løyve etter vassressurslova til å auke slukeevna i Akslandselva kraftverk frå dagens 0,67 m³/s til 0,73 m³/s. Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova.

Den auka slukeevna gjer 3,5 % reduksjon i gjennomsnittleg vassføring, og 10 færre dagar med overløp i eit normalår. Endringa er forventa å auke årsproduksjonen med 5 %, frå 5,6 til 5,9 GWh/år.

Søknaden om auka slukeevne er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/8810/V. Den opphavelige vassdragskonsesjonen med bakgrunn for vedtak, er tilgjengelege på NVE si nettside: www.nve.no/5215/V.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at kunngjering og brei offentleg høyring er nødvendig. Søknaden blir derfor send på høyring til Etne kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland.

Kva vi ønskjer fråsegn om

Gjennom høyring av søknaden ønskjer NVE å få inn synspunkt på planane som er presenterte i søknaden. NVE ønskjer konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også grunngitte forslag til mildnande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av planane. I tillegg ber vi om eventuelle kommentarar til om søknaden gir tilstrekkelege opplysningar om verknadene av tiltaket.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:



- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/8810/V)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 200707947 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 200707947 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er

20.03.2025

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Dersom fråsegna er langen, er det derfor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument vert lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Ylva Bencze Rørå
Fagleiar

Annie Ås Hovind
Seniorrådgivar

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

ETNE KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

AKSLANDSELVA KRAFTVERK AS